

Ryfylkealliansen
Ryfylke IKS
Næringsforeningen i Stavanger-regionen
i samarbeid med Stavanger kommune
og medspelarane **Sparebanken Norge** og **Ryfylkefondet**



inviterer til

Ryfylkekonferansen 2026

Ryfylkeøyane måndag 9. og tysdag 10. november

Optimisme og modige satsingar

Trøkk, vilje, fellesskap og nytenking. Sentrumsutvikling, offensivt landbruk, nye former for rekruttering og samarbeid i Ryfylke. Samtidig må det vera godt nok kollektivtilbod og vilje til satsing på distrikta. Dette er nokre av stikkorda under Ryfylkekonferansen 2026.

Måndag 9. november kl. 09.00 til 20.00 Rygerelektra og Arena Utsyn

Tysdag 10. november kl. 09.00 til 14.30 Arena Utsyn

Program

(programmet er under kontinuierleg utarbeiding)

Måndag 9. november: Rygerelektra og Arena Utsyn

Frå kl. 08.30 er du velkomen om bord på Rygerelektra på Judaberg kai for registrering, kaffi, frukt og drøs. Dei som reiser kollektivt vil koma fortløpande fram mot kl. 09.00 (sjå transport).

Kl. 09.00 Avgang frå Judaberg kai

Ein båttur i Ryfylkebassenget med guiding, aktuelle tema, mat, filmsnuttar, samtalar og øyhopping.

Me startar med «indrefileten» Sjernarøyane, og tar vidare for oss øyriket i både Finnøy og Rennesøy kommunedelar, samt ein tøtsj av Suldal, Hjelmeland og Strand.

○ **Frå skuleskyss til storsatsing på hurtigbåt**

Rødne er 70 år i 2026, er blitt eit stort reiarlag og har hovudkontoret her i Sjernarøyane. Helgøy Skyssbåt driv større og større frå vesle Helgøy.

○ **Stavanger + Suldal = sant**

Slik fann dei næringstonen. Men, kva er mål og meining?

v/ ordførar Mads Drange i Suldal kommune og ordførar Tormod Losnedal i Stavanger kommune

○ **Korleis blir kollektivtransporten i Ryfylke i framtida?**

Brenn det eit blått lys for eit skikkeleg båt- og busstilbod i Ryfylke?

Med fleire aktørar.

○ **Lunsj frå Sjøberg på Rennesøy med eplemost frå Ramsen Gard på Finnøy**

Kl. 12.00 Fogn – fellesskap og satsingar i praksis

Me besøkjer øya Fogn, der me skal innom både Naustet, Butikken og Tomatpakkeriet – ja, alt med store forbokstavar. Kva er det med dette øysamfunnet med 363 sjeler?

Kl. 14.00 Om bord i Rygerelektra igjen

- **Å utvikla ei gate er å forma eit lokalsamfunn**

Sentrumsutvikling har felles trekk både på Fogn og i Stavanger by
v/ Kristin Gustavsen i Stavanger Sentrum

- **By og land – kan det gå an? Storkommune med små forhold**

Næringsutvikling, landbrukssatsingar og forventingar
v/ landbrukssjef May Britt Jensen og næringssjef Anne Woie, Stavanger kommune

- **Datalagring ved sjø og fjell, men kven skal lagra kor og kva?**

Green Mountain: Kva gjer me? Kva ønskjer me? I pakt med natur, naboar og behov.
v/ Bjarne Sørbø, operasjonsdirektør Green Mountain

Skikkelege folk må ha kunstig intelligens, også inne i fjordane!

v/ Asbjørn Birkeland, driftsleiar Terakraft AI i Hellandsbygd, Sauda

Heilskap og ønske. Krevjande med kraftkrevjande industri.

v/ Ketil Barkved, New Kaupang

- **Endå meir kveite i verdsklasse. Frå Talgje til Sør-Korea**

v/ Thomas Thorstensen, salssjef i Sterling White Halibut

Kl. 16.40 Ankomst Judaberg

Transport til Arena Utsyn

Kl. 17.15 Festmiddag på Arena Utsyn

Trerettars middag av Ryfylkekokken Frode Selvaag og gjengen på Arena Utsyn, med ultralokale råvarer.

Sjevande, hardslåande underhaldning og amerikanske tilstandar.

Utdeling av Pilt-Ola prisen 2026 ved fylkesordførar Ole Ueland

Kl. 19.45 Middag ferdig

Buss til Judaberg kai for dei som skal ta ekstrasbåt eller rutebåt tilbake.

Overnatting på Arena Utsyn for dei som har bestilt det.

Transport til Sjøberg på Rennesøy for dei som har bestilt overnatting der.

Tysdag 10. november: Arena Utsyn

Kaffi, drøs og myldring frå kl. 08.10. Buss frå Judaberg kai til Arena Utsyn for dei som kjem med båtar.

Kl. 09.00 Programstart

- **Frå ungdomssenter til Arena-satsing**

v/ Sissel Marie Bjerga, dagleg leiar Arena Utsyn

- **Landbrukstimen – guts, trøkk og nysatsingar**

Vinterlandbruksskulen meir pop enn nokon gong – kva er det med desse øyfolka?

v/ rektor Ingvild Steinnes Luteberget

Derfor satsar dei unge i landbruket

v/ Aud Jorunn Bru, Rennesøy Bondelag

Ryfylkeungdomen fyller opp avløysarkursa som aldri før!
v/ Arne Madland, dagleg leiar Ryfylke Landsbrukstenester

Frå Romania til ekte finnnøybu – med dialekt!
v/ Szilvia Deak

Kva krevst av framtidsbonden i Ryfylke?
v/ Harald Blindheim, dagleg leiar Rygr Økonomi

Kl. 10.15 Pause

Kl. 10.45

- **Matkultursenter på Utstein Gard**
v/ gardseigar Inger Lise Rettedal, Klostergarden
- **Laus og ledig smeltedigel**
v/ Hanne Vik Voster, RyhubX og Helene Austbø, Blizbi
- **Sløydløftet har inntatt ungdomsskulane i Ryfylke**
v/ Miljøbygg og Ryfylke Trelast
- **Utdeling av Ryfylkeprofil; pris frå Ryfylkealliansen**

Kl. 11.45 Lunsj frå Arena Utsyn

Kl. 12.45

- **Full rulle på utdanningssenteret**
v/ dagleg leiar Sveinung Ravnås, Ryfylke utdanningssenter
- **Traineeprogrammet som fann si Ryfylkeform**
v/ Ryfylke IKS
- **Ny satsing på reiselivsutdanning. Og Ryfylke er med for å få ungdomen inn i bransjen.**
v/ Anita Løyning, dagleg leiar i Opplæringskontoret for reiseliv, restaurant og matfag i Rogaland

Kl. 14.00 Pause m/kaffi og noko å bita i

Kl. 14.30 Grand finale. Kor stort vågar me å tenkja?
Programpost blir offentleggjort seinare i haust.

Kl. 15.30 Programslutt

Buss til Judaberg kai for dei som treng det.

Transport til og frå Judaberg

9. november morgon:

Frå Sauda/Suldal – rutebåt – på Judaberg 08.40
Frå Stavanger/Tau – ekstrasbåt. Rygerelektra 07.30 frå Fiskepiren, Stavanger og 08.00 frå Tau.
Frå Fister – rutebåt kl. 07.45 – på Judaberg 08.40

9. november kveld:

Til Suldal/Sauda – rutebåt frå Judaberg 20.20
Til Fister/Tau/Stavanger – ekstrasbåt frå Judaberg kl. 20.00, Fister 20.20, Tau 20.45, Stavanger 21.10

10. november morgon:

Frå Sauda/Suldal – rutebåt – på Judaberg 08.40

Frå Stavanger/Tau – rutebåt – på Judaberg 08.00

Frå Fister – rutebåt kl. 07.45 – på Judaberg 08.40

10. november ettermiddag:

Til Suldal/Sauda – rutebåt frå Judaberg 16.15

Til Stavanger - rutebåt frå Judaberg 16.15

Til Fister/Tau/– ekstrabåt frå Judaberg kl. 16.00, Fister 16.20, Tau 16.45

På påmeldingssida kan du bestilla ekstratransport.

Båtrutene elles finn du her: [510-stavanger-ryfylke.pdf](#)

Bussar vil henta og bringa mellom Judaberg kai og Arena Utsyn.

Overnatting

Dersom de vil ha med dykk begge dagar og ønskjer overnatting, er det fullt mogleg.

Arena Utsyn på Finnøy – bestill direkte [her](#)

Sjøberg Ferie på Rennesøy – bestill direkte [her](#)

NB: Me ordnar transport måndag kveld frå Utsyn til Sjøberg, og tilbake tysdag morgon. Gje beskjed til oss om du treng transport.

Prisar for konferansen

2 500 kroner for begge dagar

1 960 kroner for måndag

860 kroner for tysdag

Prisane er ekskl. mva og gjeld for medlemmer i Ryfylkealliansen og Næringsforeningen i Stavanger-regionen. For å få rabatt må medlemmer i Ryfylkealliansen ved påmelding skriva inn i feltet

«Rabattkode»:

- ALLIANSEN for heile konferansen
- ALLIANSENDAG1 for berre måndag
- ALLIANSENDAG2 for berre tysdag

Hugs store bokstavar. Sjå påmeldingsskjema for prisar for ikkje-medlemmer.

Pris for reise med ekstrabåt er oppgitt i påmeldingsskjema, hugs å kryss av der om du vil følgja.

Ordinær båttransport bestiller og betaler den enkelte.

Påmelding

Meld dykk på [her](#). Ein bestiller også ekstratransport via påmeldingssida.

Bli medlem? Eller spørsmål om konferansen?

Ta kontakt med

Egil Hollund	hollund@naeringsforeningen.no	992 93 700
--------------	--	------------

Tor Øyvind Skeiseid	tor@ryfylkelivsgnist.no	982 06 333
---------------------	--	------------

Maria Flesjå Sivertsen	maria@ryfylkelivsgnist.no	934 96 769
------------------------	--	------------

Ryfylkekonferansen blir arrangert av Ryfylkealliansen, Ryfylke IKS og Næringsforeningen i Stavanger-regionen, i nært samspel med Stavanger kommune. Sparebanken Norge og Ryfylkefondet er våre hovudsamarbeidspartnar. I tillegg har me med oss fleire andre gode medspelarar.

